



2/2005
Juni 2005 Årgang 12



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS



For liten plass
i restavfallsdunken?
Hugs at du får kjøpt
"ekstrasekk" på
kommunehuset eller
på miljøsentralen.
Pris: Kr. 38,-.

Folieplasten som vert sortert ut, blir brukt om att til nye sekker; ein del går også til utemøblar.

Notisar rett frå dunken

Biodunken kan vera ei utfordring på varme sommar dagar

SIM rår til å førebyggja flugemakk i biodunken ved å: Gjera trilledunken rein etter kvar tøming. Dekka over matavfallet med flis el plengras. Pakka matavfallet inn i papirposar eller maisposar. La dunken stå i skuggen. Ynskjer du å letta reinhaldet, sel SIM store maisposar som passar til biodunken; pris: 60 kr. for 10 sekker.

SIM tek imot mjukplast

Plasten tek mykje plass i restavfallsdunken. SIM minner om at me tek imot den mjuke plasten på miljøsentralen, og du slepp å betala ved levering.

For dei som synest at restavfallsdunken blir raskt full, kan det vera ei løysing å sortera ut den mjuke, reine plasten (folieplast). SIM har egne sekker til å samla plastavfall som plastposar, sekker, blodomslag og liknande i, så nøl ikkje med å ta



kontakt dersom du er interessert i dette. Hugs å be om ein ny sekk til folien når du er innom miljøsentralen for å levera avfall. Folieplasten som vert sortert ut, blir brukt om att til nye sekker; ein del går også til utemøblar. Hard plast som flasker, kaner, boksar og liknande har SIM enno ikkje noka ordning for. Men altså: mjukplasten kan koma til nytte, valet er ditt!



SIM ynskjer alle ei god og miljøvenleg sommar!



fleire notisar

Lei reklamen?

Dei som ynskjer å reservera seg mot postkassereklame, kan be SIM om klistremerke med nei takk til uadressert reklame.

Retting på tømekalender for Bømlo og Sveio

Det har snike seg inn ein liten feil i Bømlo- og Sveio-kalenderen. For andre halvår er fargane bytte om for papir og rest i forklaringa. Det rette er: Tøming av papir skal vera markert med blått, og tøming av restavfall skal ha gråfarge på kalenderen. SIM beklagar denne feilen.

Hugs å sikra boset på hengjaren før du køyrer til miljøsentralen!



Skular er blitt næringskundar etter 1. juli 2004

Hushaldskunde eller næringskunde?

Forureiningslova vart endra 1. juli 2004. Dette har fått konsekvensar for ein del av kundane til SIM; skular, barnehagar, sjukehus og pleieinstitusjonar har blitt næringskundar og har no sjølv ansvaret for å ha ei forsvarleg avfallshandtering.

Det siste året har SIM (på vegner av eigarkommunane) berre hatt rett og plikt til å samla inn avfall frå bustader med privat hushald. Alt anna avfall er no definert som næringsavfall. For å seia det slik: Dersom papiret kjem frå ein privat bustad, er det hushaldsavfall, men kjem det frå ein skule, er det (etter lovdringa) næringsavfall. SIM (kommunen) har ingen lovpålagde

plikter i samband med næringsavfallet, men kan tilby tenester til dei som leverer slikt avfall, i fri konkurranse med private aktørar. SIM og kommunen kan ikkje ta seg meir betalt for handsaming og deponering av hushaldsavfall enn kva dette kostar. Hushaldsrenovasjonen kan ikkje subsidiera næringskunder.

SIM set ned renovasjonsgebyret til kommunen med 5 prosent i 2006

Årsaka til dette er at den kommunale renovasjonen gjeikk med 1,7 millionar i overskot i fjor. Overskotet kjem av at SIM fekk tilbake-betalt for mykje betalt slutthandsamingsavgift frå staten etter godkjenninga av botnettinga på bossplassen. Renovasjonsgebyret skal dekkja:

- Innsamling av papir-, mat- og restavfall (inkludert ryddeaksjonar for hushaldsavfall)
- Utkøyring, byting og reparasjonar av dunkane
- Returpunkt for glas og hermetikk
- Miljømessig og kostnadseffektiv handtering av avfallet ditt
- Miljøsentralar. Farleg avfall, ee-avfall, hageavfall og folieplast vert dekt 100 prosent over gebyret. Restavfall, bygnings- og rivingsavfall, papp/papir og metall er delvis dekt av renovasjonsg byret.
- Avgifter til staten (kr. 511,- per tonn restavfall i 2005)
- Administrasjon og informasjon



Den som driv utsal, har ansvar for at det blir rydda i området rundt denne staden.



Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørgeja for nødvendig opprydding etterpå.

Rydding – kven har ansvaret?

I vekene før 17. mai var det mange som gjorde ein flott innsats i Sunnhordland med å rydda langs vegar, strender og i nabolaget. I samband med desse dugnadene kom det fram at det er ein del uvisse rundt kven som sit med ansvaret for ryddinga og som dermed skal betala rekninga. SIM vil derfor freista å klargjera dette.



Rydding i bustadområde kjem innanfor hushaldsavfall og kan derfor finansierast over budsjettet for hushaldsrenovasjon.



Dersom det er ein riks eller fylkesveg er det vegvesenet som har ansvaret for ryddinga; kommunen har ansvaret for kommunale vegar.



Det er kommunen som har ansvaret for å sjå til at alle følgjer forureiningslova. Dersom nokon sluntrar unna ansvaret dei har for å rydda, er det kommunen som skal påleggja rydding.



Kommunen har ansvar for å rydda på utfartsstader og andre mykje vitja offentlege stader.

Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Astrid Gjerde får utdelt nytt kjøkenspann av Eivind Hystad frå SIM

På besøk hjå kunden

SIM-nytt har vore på køyretur med "dunksjefen" i Stord kommune, Eivind Hystad, for å dela ut nye dunkar til kundar.

Det kan vera mange grunnar til at folk tek kontakt med SIM og har eit oppdrag til dunksjefen.

"Eg hadde blitt kjempeglad dersom alle hadde hatt nummerskilt på huset sitt og gatenamnet var lett å få auga på. Det hadde gjort jobben med å finna fram til SIM sine kundar mykje enklare", seier den pensjonerte postmannen, som av og til må ty til sin gamle arbeidsgjevar for å finna fram.

Tips frå SIM:

- Merk dunkane godt, dine dunkar har eigne nummer
- Hald dunkane reine, både for di eiga og naboen si skuld
- Ta med deg heim din eigen dunk etter tøming

Kvar 6. veke har SIM ein runde i kvar kommune der ein kan få byta dunkar etter trong. Enkelte har for stor dunk og vil gå over til ein mindre. Andre vil ha større dunk eller ein ekstra dunk for å bli kvitt avfallet sitt. Nye kundar får utdelt dunkar, kjøkenspann og behaldar for farleg avfall. Dunkane, som er eigde av SIM og lånte av kundane, blir bytta ut dersom dei er øydelagde. Andre gonger hender det at dunkar rett og slett forsvinn, og kunden må få ein ny. Heile dunkar som blir henta inn, blir gjort reine og kan så brukast av andre.

Denne veka er det 48 kundar i kommunen som er på lista til Hystad, som likar å ha litt å gjera. "Det er ein kjekk jobb eg har, og så kjem eg meg rundt i heile kommunen. Eg har heller aldri møtt sure kundar den tida eg har hatt denne jobben". Om nokon tykkjer seks veker er litt lenge å venta, kan dunkane hentast på miljøsentralen i kommunen – etter avtale med SIM.



Opningstider

Miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

torsdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Bømlo, Hollundsaldalen

Tysdag: 08.00 - 14.30
torsdag: 12.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Fitjar og Stord, Svartasmoget

måndag: 08.00 - 18.00
tysdag - fredag: 08.00 - 15.30
annankvar laurdag: 09.00 - 12.00
(veker med partal vekenr.: 2, 4...)
Mottak for spesialavfall også på Va-bakkjen, Stord, same opningstid som bensinstasjonen.

Kvinnherad, Husnes industriområde

måndag-tysdag: 08.00 - 13.00
torsdag: 13.00 - 19.00
fredag: 08.00 - 13.00
siste laurdag
kvar måned: 09.00 - 14.00

Sveio, Sveiåsen

måndag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Tysnes, Eredalen

tysdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as

SIM

Trykt på resirkulert papir (Cyclus 140 g)
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest